

Forskingsmelding 2020: Høgskulen på Vestlandet



© Høgskulen på Vestlandet

Avdeling for forskning, internasjonalisering og innovasjon

2021

HVL-rapport frå Høgskulen på Vestlandet nr. 19-2021

ISSN 2535-8103

ISBN 978-82-93677-62-8



Utgjevingar i serien vert publiserte under Creative Commons 4.0. og kan fritt distribuerast, remixast osv. så sant opphavspersonane vert krediterte etter opphavsrettslege reglar.
<https://creativecommons.org/licenses/by/4.0/>

Innhald

Innleiing	3
Samandrag.....	4
Nøkkeltal 2020.....	7
Forskarutdanning og stipendiatar/rekrutteringsstillingar.....	8
Førstekompetanse og tiltak for kompetanseheving	12
Ekstern forskingsfinansiering	17
Publisering og formidling	24
Integritet i forskning	30
Vedlegg	35

Innleiing

Ved å presentere sentrale data om forskings- og utviklingsaktivitetar for føregåande kalenderår teiknar Forskingsmeldinga eit statusbilete på området. Dei data og resultat meldinga tar føre seg, er viktig i høve til dei ambisjonane HVL har om å utvikle og styrke institusjonen vidare og for å akkrediterast som universitet. Forskingsmeldinga er difor framfor alt eit nyttig og viktig verktøy for tilsette og leing på alle nivå ved HVL, men er også relevant for våre samarbeidspartnarar og omgjevnader og andre med interesse for Høgskulen på Vestlandet.

Meldinga presenterer data på fire hovudområde. Kapittel 1 tek føre seg forskarutdanning og stipendiatar/rekrutteringsstillingar, kapittel 2 ser på omfanget av første- og toppkompetanse og tiltak for å auke kompetansen, medan kapittel 3 presenterer data om ekstern finansiering av forskings- og utviklingsarbeid. Kapittel 4 inneheld nøkkeltal om vitenskapleg publisering ved HVL og statistikk om andre former for publisering og formidling av forskning og fag. Femte og siste kapittel har tittelen «integritet i forskning» og handlar om arbeidet ved HVL for å sikre at forskingsverksemda følgjer prinsipp for vern av menneske og samfunn og for vern av opplysningar om menneske som deltek i forskning.

Rapporten presenterer data for 2020 og der det er mogleg også utviklingstrekk over dei siste fem åra. I tillegg samanliknar rapporten HVL med utvalde andre institusjonar. På dei fleste område inneheld rapporten data på både institusjons- og fakultetsnivå. Nokre vil gjerne ønske å sjå data på campusnivå, men det er ikkje mogleg slik statistikken er ordna.

Mykje data i denne meldinga er allereie omtala i andre dokument og samanhengar, til dømes i årsrapporten for HVL. Samstundes gir forskingsmeldinga eit meir heilskapleg bilete ved at den også omfattar data som først er tilgjengeleg seinare på året, som tildelingsdata frå Forskingsrådet. For kommande år er det naturleg å diskutere tidspunktet for forskingsmeldinga, med dei følgjene det har for kva data som er tilgjengeleg. Det bør også vurderast korleis ein eventuelt kan koordinere eller samkøyre forskingsmeldinga med anna arbeid ved HVL, som til dømes internasjonaliseringsmeldinga.



Samandrag

I 2020 sette Covid-19-pandemien preg på alle delar av samfunnet, inkludert aktivitetane ved dei høgare utdanningsinstitusjonane. NIFUs rapport om konsekvensane av koronapandemien for verksemda ved universitet og høgskular slo fast at det å planlegge, førebu og gjennomføre undervisninga under pandemien kravde så mykje ekstra tid og ressursar at mange faglege aktivitetar blei redusert eller satt på vent. Det gjaldt særleg forskning og internasjonalt samarbeid.¹ Konsekvensane vil truleg vise seg over fleire år framover, og statistikken for kalenderåret 2020 vil i varierende grad vere merka av dette. Det å utvikle forskingsprosjekt og å lage søknader om finansiering er ein krevjande oppgåve som mange truleg prioriterte ned under pandemien. På andre område, som publisering, vil pandemieffekten nok vise seg sterkare noko seinare enn 2020, fordi publisering er ein så langstrekt prosess.

På grunn av dei vanskane pandemien skapar for samanlikning over tid, er det enda viktigare enn vanleg å samanlikne med andre institusjonar for å vurdere status og resultat ved HVL i 2020. På same måte som når HVL skal søke status som universitet, omfattar samanlikningane i første rekke dei nye universiteta med ein profil som liknar HVL.

Kunnskapsdepartementet skrev i tilbakemeldinga frå etatsstyringa i 2020 at HVL «kan vise til vekst i dei vitskaplege indikatorane som er viktige for å nå universitetsambisjonen». Det er likevel inga rettlinja vekst, og det er ikkje vekst på alle område. Og ikkje minst gjeld det å halde tritt med dei institusjonane ein vert samanlikne med. Forskingsmeldinga teiknar eit meir detaljert bilete av utviklinga.

Forskarutdanning og rekruttering

Stabil forskarutdanning med tilstrekkeleg rekruttering og omfang er viktig for arbeidet for universitetsstatus. Det har vore god rekruttering til dei nyaste ph.d.-programma i 2020; 14 ph.d.-kandidatar i Helse, funksjon og deltaking og 12 i Ansvarleg innovasjon og regional utvikling. I 2020 hadde HVL 140,2 årsverk tilsett i stipendiatstilling. Det var ein jamn auke i talet på stipendiat-årsverk frå 2016 til 2018, men veksten har ikkje vore like markant dei siste åra.

Den første disputasen i HVL sine eigne ph.d.-program vart gjennomført i 2019. Talet på avlagte doktorgrader ved HVL i 2020 er noko lågare enn venta i høve universitetsambisjonen. I 2020 vart det gjennomført 6 disputasar ved HVL; 4 i ph.d.-programmet *Studiar av danning og didaktiske praksisar* og 2 i ph.d.-programmet *Datateknologi; programvareutvikling, sensornettverk og berekningsorientert ingeniørvitskap*.

Å auke talet på ph.d.-kandidatar med finansiering frå Forskringsrådet sine ordningar «Offentleg sektor-ph.d.» og «Nærings-ph.d.» er eit satsingsområde for HVL og ein av fleire måleparameterar for HVL si samhandling med næringsliv og offentleg sektor. I juni 2021 er det til saman 6 ph.d.-kandidatar med finansiering frå desse to ordningane.

Førstekompetanse og tiltak for kompetanseheving

Dei faglege stillingane ved HVL med førstestillingskompetanse og professor- eller dosentkompetanse utgjorde høvesvis 58,0 og 14,9 prosent av faglege årsverk i 2020, ei auke på høvesvis 2,0 og 0,8 prosentpoeng frå 2019. På institusjonsnivå har HVL noko lågare prosentdel førstekompetente enn samanliknbare institusjonar.

Det er ein auke i førstekompetanse ved FLKI mens dei tre andre fakulteta har eit nokså stabilt nivå. Prosentdelen årsverk med professor- og dosentkompetanse auka ved FLKI og FIN i 2020, var om lag

¹ NIFU-rapport 9/2021: 106.



Høgskulen på Vestlandet

uendra ved FHS og gjekk noko ned ved FØS. I alt 40 tilsette ved HVL fekk opprykk til anna stillingskategori i løpet av 2020.

I både 2019 og 2020 var det færre tilsette i professor II-stilling enn i både 2017 og 2018. Og av dei som har slik stilling, hadde noko færre internasjonal bakgrunn i 2020 enn i åra før.

Fordelinga mellom kvinner og menn i ulike stillingskategoriar endrar seg lite. Sett i eit treårsperspektiv er den største endringa at det blir noko fleire kvinner i faglege toppstillingar. Her utgjorde kvinnene i 2020 46 prosent, medan talet var 56 prosent for førstestillingar og 60 prosent for UFF-stillingar samla.

Ekstern finansiering

Data frå 2020 om ekstern forskingsfinansiering ved HVL har både positive og mindre positive sider. Mest positive er tala for inntekter frå Forskingsrådet, her hadde HVL ei god auke i 2020, og kjem godt ut i samanlikning med andre institusjonar. Men rekneskapstala for 2020 speglar tidlegare års suksess i konkurransen om prosjektstønad, og i 2020 gjekk både søknadsaktivitet og tildelingar frå Forskingsrådet merkbar ned samanlikna med året før. Det er viktig for HVL å styrke den aktiviteten slike prosjekt opnar for, og meir konkret er det viktig for den komande universitetssøknaden.

Den ekstraordinære situasjonen pandemien skapte i 2020 må være ein del av forklaringa på nedgangen i talet på søknader om ekstern forskingsfinansiering. I vurderinga av den komande universitetssøknaden vil samanlikning med andre institusjonar være sentralt. I skrivande stund har vi ikkje samla søknads- og tildelingsdata for dei andre institusjonane i 2020.

HVL deltar som før i avgrensa grad i EUs program for forskning og innovasjon, og kjem her svakare ut enn samanliknbare institusjonar. I 2020 sendte HVL 24 søknader til Horisont 2020, og berre eitt av dei fekk tilslag.

Fakulteta ved HVL er ulikt representert i søknader og prosjekt med ekstern finansiering, og FIN skil seg ut i både aktivitet og suksessrate. Framfor alt er deltakinga på EU-arenaen konsentrert om nokre få miljø. I det vidare arbeidet med å legge til rette for deltaking på desse viktige samarbeidsarenaene må HVL finne ein balanse mellom breidde og ei spissa satsing på dei mest lovande og motiverte miljøa.

Vitskapeleg publisering

Talet på vitskapelege publikasjonar og publiseringspoeng auka frå 2019 til 2020, men auka var noko lågare enn året før. HVLs mål for publisering er knytt til den nasjonale styringsparametaren «publiseringspoeng per fagleg årsverk». Med 0,69 publiseringspoeng per faglege årsverk i 2020 er det ikkje langt fram til målet i årsplanen for 2021 om 0,72 poeng. Det langsiktige målet er 1 publiseringspoeng per fagleg årsverk i 2025. HVL vil nå målet om vekstraten dei neste fem åra blir på nivå med auken i føregåande femårsperiode. Med tanke på den gradvise auka i tilsette med førstekompetanse og gitt at publiseringspoeng per årsverk i førstestilling er langt høgare enn gjennomsnittet for faglege stillingar, verker målet realistisk.

Når vi samanliknar HVL med andre institusjonar med liknande profil, kommer HVL noko lågare ut. Dei fleste institusjonane har hatt ein vekst siste fem år liknande den til HVL, men skilnaden mellom HVL og til dømes HINN og USN er ikkje stor i 2020.

Det er derimot stor skilnad mellom fakulteta ved HVL i publisering, der FIN skil seg klart ut med høg aktivitet. Også FHS hadde positiv utvikling i 2020 med auke i både publikasjonar og publiseringspoeng. For FLKI og særleg for FØS var 2020 derimot prega av nedgang i publiseringa.

Medan publiseringa ved HVL samla sett auka i 2020, publiserte HVL i noko mindre grad i kanalar på nivå 2 i finansieringssystemet. 13,9 prosent av publiseringa var gjort i kanalar på nivå 2, og her har det vore noko nedgang dei to siste åra.

For andre former for formidling og publisering har vi ikkje like sikre data. Det er likevel som forventat at det samla talet på all formidlingsaktivitet gjekk ned i pandemiåret, og at særleg talet på ulike typar foredrag gjekk mykje ned. Samstundes var det ei stor auke i registrerte mediebidrag, noko som truleg har gjort kunnskapsinstitusjonen HVL meir synleg i samfunnet.



Integritet i forskning

Mykje av forskinga ved HVL skjer på område der forskningsetikk og trygg handsaming av forskingsdata er særleg viktig. Kapittel 6 viser nokre nøkkeltal på området og tiltak som er gjort for å styrke arbeidet ved HVL. NSD er personvernrådsgjevar for HVL og sjølv om nokre forskarar rapporterer om for lang vurderingstid i NSD, er hovudinntrykket at studentar og rettleiarar for det meste er nøgde.

Forskingsserveren bør nyttast i større grad enn i dag for handsaming av sensitive persondata. Forskningsadministrasjonen har starta ei undersøking av kva som må gjerast for å få dette til.



Nøkkeltal 2020

Forskarutdanning og stipendiatar		Ekstern finansiering av forskning	
Kandidatar i eige program, i alt	43	Søknad og utteljing 2020	
Kandidatar tatt opp i fellesgrad	1	Søknader Forskingsrådet*	48
Avlagte doktorgradar ved HVL	6	Innvilga søknadar Forskingsrådet	9
Avlagte doktorgradar ved ekstern institusjon	25	Prosentdel innvilga søknader Forskingsrådet	19 %
Årsverk stipendiatstillingar HVL	140	Innvilga søknader Forskingsrådet (mill. kr.)	82,1
		Søknader EU	24
		Innvilga søknader EU	1
		Innvilga søknader EU (mill. kr.)	3,4
		Ekstern finansiering 2020**	
		Finansiering frå Forskingsrådet (mill. kr.)	59,1
		Inntekt frå Forskingsrådet per fagleg årsverk (1000 kr.)	51,4
		Finansiering frå EU (mill. kr.)	6,1
		Inntekt frå EU per fagleg årsverk (1000 kr.)	5,3
		Likestilling	
Faglege årsverk fordelt på kjønn, prosent	K: 60 M: 40	Publisering	
Førstestillingskompetanse, årsverk, fordelt på kjønn, prosent	K: 56 M: 44	Publiseringspoeng	795
Professor- og dosentstillingar, årsverk, fordelt på kjønn, prosent	K: 46 M: 54	Publiseringspoeng per fagleg årsverk	0,69
		Publiseringspoeng per årsverk førstestilling	1,36
		Publisering på nivå 2 (% av forfattarandelar)	16,4
		Opprykk	
Opprykk førstelektor	17		
Opprykk etter disputas	10		
Opprykk professor/dosent	13		

* Gjeld søknader om forskarprosjekt og kompetanse- og samarbeidsprosjekt

** Gjeld inntekter i rekneskap for 2020



Forskarutdanning og stipendiatar/rekrutteringsstillingar

I 2020 vart ph.d.-programmet *Ansvarleg innovasjon og regional utvikling* etablert ved HVL med Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap som vertsfakultet. NOKUT akkrediterte programmet i september 2019 og det fekk formell godkjenning av Kunnskapsdepartementet 20. januar 2020. Med etablering av *Ansvarleg innovasjon og regional utvikling* har HVL no fire eigne ph.d.-program i drift, og kan imøtekomme kravet til eit universitet om «at institusjonen skal ha rett til å tildele doktorgrad aleine på minst fire fagområde».

Rekruttering til ph.d.-programma vert vist i tabell 1.

Tabell 1 Opptak til ph.d.-programma i perioden 2016-2020.


	2016	2017	2018	2019	2020*	Totalt
Studiar av danning og didaktiske praksisar	11	13	15	16	8	63
Datateknologi	1	10	11	8	9	39
Helse, funksjon og deltaking			6	5	14	25
Ansvarleg innovasjon og regional utvikling			1	1	12	14
Nautiske operasjonar	1	2	2	1	1	7

Kjelde: Felles studentsystem (FS)

Det er ei relativt jamn rekruttering til dei to eldste ph.d.-programma dei siste fire åra, og det har vore god rekruttering til dei nyaste ph.d.-programma i 2020. Nautiske operasjonar (fellesgrad) rekrutterer årleg 1-2 ph.d.-kandidatar med HVL som heimeinstitusjon.

Dei fleste ph.d.-kandidatane i HVL sine program er tilsett som stipendiatar ved HVL, men det vert òg rekruttert kandidatar som er tilsett i stipendiatstilling ved andre høgskular og universitet. I juni 2021 er det til saman 6 ph.d.-kandidatar med finansiering frå Forskingsrådet sine ordningar Offentleg sektor-ph.d. og Nærings-ph.d. Å auke talet på ph.d.-kandidatar med denne typen finansiering er eit satsingsområde for HVL då dette er eit av fleire måleparameter for HVL si samhandling med næringsliv og offentleg sektor. For å støtte opp om slikt samarbeid vart det hausten 2020 utvikla interne prosedyrar og målretta informasjon til fagmiljøa om Offentleg sektor-ph.d.- og Nærings-ph.d.

Offentleg sektor-ph.d. og nærings-ph.d. er knytt til doktorgradsprogramma. Studiar av danning og didaktiske praksisar har tre offentleg sektor-ph.d. medan programmet Helse, funksjon og deltaking har to offentleg sektor ph.d. og ein nærings-ph.d.



Kjelde: NSD

I 2020 hadde HVL 140,2 årsverk tilsett i stipendiatstilling. Figur 1 viser at det var ein jamn auke i talet på stipendiat-årsverk frå 2016 til 2018, men at veksten ikkje er like markant dei siste åra.

Tabell 2 Årsverk stipendiatstillingar HVL 2018-2020, per fakultet

	2018	2019	2020
FHS	36,3	30,1	31,5
FIN	40,3	43,5	45,5
FLKI	45,6	47,4	51,3
FØS	12,0	10,5	12,0

Kjelde: NSD

Merk: Stipendiatar i det tverrfakultære programmet RESINNREG er her oppførde ved fakultetet der dei er tilstatt (FØS, FIN, FHS).

Fakultetsvis fordeling av årsverk i stipendiatstilling viser at auken i stipendiatstillingar i perioden 2018-2020 har vore ved FIN og FLKI (tabell 2). FHS har hatt ein nedgang i årsverk i stipendiatstilling i same periode, medan talet på stipendiatstillingar ved FØS har vore relativt uendra.

Av stillingane som kjem i tillegg til dei 83 faste rekrutteringsstillingane frå KD, er det flest stillingar med Forskningsrådsfinansiering eller anna eksternfinansiering, dernest kjem stillingar som er strategisk finansiert ved HVL eller finansiert på fakultetsnivå.

HVL sine faste rekrutteringsstillingar frå KD har sidan 2018 vore fordelt som stipendiatstillingar til fakulteta med følgjande øyremerking til ph.d.-programma:

24 stillingar til FLKI, ph.d.-programmet Studiar av danning og didaktiske praksisar

24 stillingar til FIN, ph.d.-programmet Datateknologi

15 stillingar til FHS, ph.d.-programmet Helse, funksjon og deltaking

15 stillingar til FØS, ph.d.-programmet Ansvarleg innovasjon og regional utvikling

5 stillingar til FØS, ph.d.-programmet Nautiske operasjonar

Høgskulen på Vestlandet

I fordelinga er det tatt omsyn til at HVL skal kunne møte krav til rekruttering og gjennomstrøyming i ph.d.-programma ved søknad om akkreditering som universitet. Ny fordeling av dei faste KD-rekrutteringsstillingane vart handsama i strategisk leiargruppe i mai 2021 (sak SLG73/21-S).

I juni 2020 fekk HVL, gjennom ei supplerande tildeling frå KD, 11 mellombelse rekrutteringsstillingar. Dei 11 rekrutteringsheimlane vart fordelt til fakulteta etter føringar i tildelingsbrevet med følgjande resultat: FHS 5, FLKI 1 og FØS 5 (inkludert ei stilling til Nautiske operasjonar). Nokre av dei mellombelse heimlane er gjort om til postdoktorstillingar. Tabell 3 viser talet på rekrutteringsstillingar ved HVL og samanliknbare institusjonar, her er både faste og mellombelse inkludert.

Tabell 3 Rekrutteringsstillingar ved HVL og utvalde institusjonar


Institusjon	Rekrutteringsstillingar
HINN	63
HVL	94
NU	119
OsloMet	93
UiA	145
UiS	191
USN	108

Kjelde: Kunnskapsdepartementet, Orientering om statsbudsjettet 2019 for universitet og høgsular, s. 40.

Merk: Stillingar finansiert over kap. 260 post 50 og post 70 til universitet og høgsular. Omfattar også mellombelse stillingar.

Figur 2 viser utvikling i talet på avlagte doktorgrader ved HVL og ved ekstern institusjon. Den første disputasen i HVL sine eigne ph.d.-program vart gjennomført i 2019. I 2020 vart det gjennomført 6 disputasar ved HVL; 4 i Studiar av danning og didaktiske praksisar og 2 i Datateknologi; programvareutvikling, sensornettverk og berekningsorientert ingeniørvitenskap.

Figur 2 Avlagte doktorgrader ved HVL og ved ekstern institusjon



Kjelde: NSD

Talet på avlagte doktorgrader ved HVL i 2020 er noko lågare enn venta i høve universitetsambisjonen. I 2021 er det forventa 16 avlagte doktorgrader ved HVL. Per 1. august 2021 er det gjennomført 3 disputasar, ei avhandling er godkjent for disputas og 7 avhandlingar er levert inn for bedømming. Status per 1. august kan tyde på at talet på avlagte doktorgrader også i 2021 vert lågare enn forventa.

Fleire av stipendiatane som er tilsett ved HVL gjennomfører forskarutdanninga i ekstern institusjon. Figur 2 viser at det til saman vart avlagt 25 doktorgrader ved ekstern institusjon i 2020, og dette er ei stor auke samanlikna med tidlegare år. Disputasane vart gjennomført ved følgjande institusjonar; UiB (11), NTNU (3), NIH (2), UiS (2), UiO (2), Nord (2), NHH (1,) OsloMet (1) og UiA (1), og dei aller fleste knytt til FHS og FLKI sine fagområde. Ein må rekne med at talet på avlagte grader i ekstern institusjon går ned etter kvart som stipendiatar ved HVL i hovudsak søker opptak til ph.d.-programma ved HVL.

Førstekompetanse og tiltak for kompetanseheving

Første- og professor-/dosentkompetanse

Profilen på kompetansen til dei fagleg tilsette ved HVL må være tilpassa institusjonens profesjons- og arbeidslivsretta profil med ein balanse mellom praksiskompetanse og forskarkompetanse. Dette kapittelet viser status og utvikling i omfanget av første- og toppkompetanse. I tilbakemeldinga etter etatsstyringsmøtet i 2020 gav Kunnskapsdepartementet denne vurderinga av situasjonen ved HVL:

Utviklinga i årsverk med førstestilling er positiv, men HVL ligg framleis lågt samanlikna med snittet for sektoren.

Talet på årsverk ved HVL auka i perioden 2017 til 2020 med 150 årsverk, eller 9,1 prosent, sjå tabell 4. Dei faglege stillingane ved HVL med førstestillingskompetanse og professor-/dosentkompetanse utgjer høvesvis 58,0 og 14,9 prosent av faglege årsverk i 2020, ei auke på høvesvis 2,0 og 0,8 prosentpoeng frå 2019.


Tabell 4 Årsverk, faglege årsverk, første- og toppkompetanse HVL, 2017-2020

	2017	2018	2019	2020
Tal årsverk	1647	1683	1716	1797
Faglege årsverk (ekskl. stipendiatar)	968	972	989	1011
Faglege årsverk (inkl. stipendiatar)	1088	1106	1121	1151
Prosentdel årsverk førstestillingskompetanse av faglege årsverk (ekskl. stipendiatar)	51,0	53,0	56,0	58,0
Prosentdel professor- og dosentstillinger av faglege årsverk (ekskl. stipendiatar)	11,7	12,5	14,1	14,9

Kjelde: NSD

Figur 3 viser omfanget førstestillingskompetanse ved HVL og samanliknbare institusjonar. Med ein prosentdel på 58 i 2020 hadde HVL det lågaste nivået av institusjonane me samanliknar oss med, men avstanden til særleg HINN og USN er liten. Samanlikning med andre institusjonar er viktig i akkrediteringa som universitet. Men ein må vere merksam på at det er *doktorgradsområda* og ikkje institusjonen som heilskap som er grunnlag for samanlikning ved universitetsakkrediteringa.


Figur 3 Prosentdel førstekompetanse ved HVL og utvalde institusjonar 2016-2020



Kjelde: Diku, Tilstandsrapport for høgere utdanning, vedlegg 2021: <https://vedlegg.diku.no/TRHU/2021>
 Merk: Prosentdel årsverk i førstestillingar av totalt antall årsverk i undervisnings- og forskarstillingar, samt postdoktor og professor II.


Fakulteta ved HVL vart etablert frå 1.1.2018, og det er derfor fakultetsspesifikke tal berre frå dei siste tre åra. Figur 4 viser oversikt over prosentdel førstekompetanse i fakulteta i 2018, 2019 og 2020. Det er ein auke i førstekompetanse ved FLKI mens dei tre andre fakulteta har eit nokså stabilt nivå i perioden. Når det gjeld prosentdel årsverk med professor- og dosentkompetanse auka den ved FLKI og FIN i 2020, var om lag uendra ved FHS og gjekk noko ned ved FØS, sjå figur 5.

Figur 4 Førstekompetanse ved HVL per fakultet. Prosentdel av faglege årsverk



Kjelde: NSD


Figur 5 Professor- og dosentkompetanse ved HVL per fakultet 2018-2020. Prosentdel av faglege årsverk



Kjelde: NSD

Kvinner utgjør godt over halvparten av faglege årsverk ved HVL, og fordelinga på kjønn har vore stabil over perioden 2017-2020. Kvinnedelen i faglege årsverk med førstekompetanse har auka marginalt i både førsteamanuensis- og professor/dosentstillingar med høvesvis 0,8 og 0,7 prosentpoeng frå 2019 til 2020 (figur 6).

Figur 6 Årsverk i ulike stillingskategoriar HVL 2017-2019, prosentdel kvinner



NSD

Kjelde:

Professor II- stillingar og opprykk

Per 1.1.2021 har HVL 51 tilsette (9,5 årsverk) i professor II-stilling, sjå tabell 5. Målt etter både tilsette og årsverk er det omtrent som i 2019, men noko lågare enn i 2017 og 2018. Kvinneandelen auka i 2020 til 41,3 prosent av dei 9,5 årsverka, men er likevel berre marginalt høgare enn i 2017. Samstundes er noko færre internasjonale professorar mellom dei som har professor II-stilling i 2020

samanlikna med 2019. At ein professor II er «internasjonal» tydar her at vedkommande har hovudarbeidsplassen i eit anna land.

Tabell 5 Professor II ved HVL, stillingar, årsverk, kjønn og nasjonalitet

	2017	2018	2019	2020
Prof. II-stillingar	67	57	50	51
Prof. II-årsverk	10,6	10,7	9,4	9,5
Prof. II årsverk, del kvinner	40,6 %	39,0 %	35,8 %	41,3 %
Internasjonale professor II-stillingar	23	20	23	17
Internasjonale professor II av totalt tal på professor II	34,3 %	35,3 %	46,0 %	33,3 %

Kjelde: NSD og HVL (SAP)

Opprykk i stilling er eit mål på fagleg kompetanseheving og ein viktig parameter for HVL. 13 tilsette fekk opprykk til professor eller dosent i 2020. Ifølgje tal frå DBH basert på teljetidspunktet 1. oktober hadde HVL 131,5 professorårsverk i 2020, mot 119,4 i 2019. Talet på årsverk i dosentstillingar har derimot vore stabilt dei siste åra. 19,7 årsverk i dosentstilling i 2019 blei til 18,8 årsverk i 2020.

Av dei 27 tilsette ved HVL som kvalifiserte seg for opprykk til førstekompetanse i 2020, fekk 17 tilsette opprykk til førstelektor og 10 opprykk etter disputas (tabell 6). Frå og med 2019 blir dette utrekna på grunnlag av talet på søknader om opprykk uavhengig av tilsetting i stipendiatperioden.²

Tabell 6 Tilsette med opprykk ved HVL 2017-2020

Opprykk	2017	2018	2019	2020
Professor/dosent	5	19	29	13
På grunnlag av disputas	14 (25*)	13 (16*)	20	10
Førstelektor	10	14	18	17

Kjelde: Årsrapport HVL 2019-2020 SAP (HVL) og protokoll frå tilsetjingsutvala.

Merk: *Gjeld disputasar der HVL har hatt hovudarbeidsgivaransvar i stipendiatperioden. Tal i parentes er alle disputasar med HVL som arbeidsgivar på disputastidspunktet. Inkluderer ikkje disputasar ved utanlandske institusjonar. For 2019 er talet endra, sjå fotnote 2.

Tiltak for kompetanseheving ved HVL

Fakulteta arbeider godt med kompetansekartlegging og kompetanseheving for vitenskapleg tilsette knytt til studieportefølje og universitetsambisjon. Det er eigne program i dei vitenskaplege karrierestigane, der interne strategiske midlar blir nytta til kvalifiseringsstipend til dosent og professor, forskarstipend, stipendiatstillingar og førstelektorprogram – i tillegg til vanleg FoU-tid.

I samband med universitetsambisjonen fekk 13 forskarmiljø ved HVL i 2020 tildelt ekstra midlar der måla mellom anna var å styrke universitetssatsinga til HVL på kort sikt gjennom treårige internasjonale professor II-stillingar, toårige postdoc-stillingar og tilskot til arbeid med søknader til EUs forskings- og innovasjonsprogram.

HVL ønsker i større grad eit samarbeid på tvers av fakulteta for å kunne gi eins tilbod for kompetanseheving. HR-avdelinga ved HVL har utvikla eit digitalt verktøy, *Kompis*, som blei lansert i mai, 2021. Alle tilsette ved HVL har ei eiga personprofilside på hvl.no og Vestibylen der ein kan vise eigen kompetanse. Dette systemet gir HVL god oversikt over fagleg tilsette sin kompetanse (CV) og

² Gjeld tilsette som har søkt opprykk på bakgrunn av gjennomført ph.d. (verknadspunkt i 2019).



Høgskulen på Vestlandet

høve til å kartlegge behov og identifisere kva område HVL bør satse på. Ein vil og sjå på vinsten i å samkøyre tiltak for heving av kompetanse på tvers av fakultet der det er mogleg.

HVL har i samarbeid med Universitetet i Stavanger (UiS) utvikla programmet «Forskingsleing på Vestlandet». Planen var å gjennomføre i 2020 med 15 deltakarar frå kvar av dei to institusjonane, men pandemien førte til at kurset blei utsett til 2021. Målgruppa er ulike forskingsleiarar ved HVL og UiS, eksempelvis forskingsgruppeleiarar, forskingsprogramleiarar, forskingssenterleiarar og leiarar av store forskingsprosjekt. Programmet skal gi deltakarene kunnskap om og tryggleik i rolla som forskingsleiar, og styrke handlingsrommet til den enkelte leiar gjennom å bli kjend med verktøy til bruk i den praktiske arbeidskvardagen.


Ekstern forskningsfinansiering

Det å auke kvaliteten og omfanget på forskningsaktiviteten og samspelet med profesjons- og arbeidslivet gjennom fleire eksternfinansierte prosjekt er ei viktig satsing for HVL. I prosessen med søknad om universitetsstatus er tildeling av konkurranseutsette midlar til forskning også ein viktig indikator for kvaliteten i forskinga. Dette kapitlet tek føre seg søknadsaktivitet og tildelingar frå høvesvis Noregs forskingsråd (Forskingsrådet) og EUs forskings- og innovasjonsprogram.

Forskingsrådet – søknader og finansiering

I etatsstyringa for 2020 peikte Kunnskapsdepartementet på at HVL har hatt auka utteljing i Forskningsrådet dei siste åra, men også at utteljinga ligg lågare enn snittet for statlege institusjonar. Figur 7 samanliknar HVL sine inntekter frå Forskningsrådet med inntektene til dei yngre universiteta og institusjonar med en tilsvarende profil som HVL. Av dei seks andre institusjonane hadde berre OsloMet og UiS klårt høgare tildeling per faglege årsverk enn HVL i 2020. UiA og USN hadde om lag same omfang av tildeling per årsverk som HVL, medan HINN og NU hadde lågare tal. Særleg tala for 2020 er samanlikningsvis positive for HVL, men figuren viser at tala kan svinge mykje frå år til år, og inntektene i 2020 var resultatet av prosjektsøknader eitt eller fleire år tidlegare. Seinare i kapitlet vil vi sjå at omfanget av så vel søknader som tildelingar frå Forskningsrådet var mykje lågare i 2020 enn i året før. Avhengig av korleis HVL gjer det i samanlikning med andre institusjonar og tildelingar vidare, vil nedgangen kunne bli ei utfordring for søknaden om universitetsstatus med grunnlag i rekneskapstal frå 2021 og 2022. I det følgjande skal vi sjå nærare på søknadsaktiviteten til Forskningsrådet ved HVL i 2020.

Figur 7 Inntekter frå Forskningsrådet per faglege årsverk 2016–20. HVL og utvalde institusjonar. 1000 kr.



Kjelde: Diku, Tilstandsrapport for høyere utdanning, vedlegg 2021: [https://vedlegg.diku.no/TRHU/2021 tabell V3.23](https://vedlegg.diku.no/TRHU/2021%20tabell%20V3.23)

Høgskulen på Vestlandet hadde ei stor auke i talet på søknader frå 2018 til 2019, men ein nedgang frå 2019 til 2020. Nedgangen i 2020 skyldast truleg både endring i systemet for innsending av søknader

til Forskningsrådet³ og følgene av pandemien med nedprioritering av forskning og internasjonalt samarbeid (sjå fotnote 1).

Tabell 7 Søknader frå HVL til Forskningsrådet 2017-2020 fordelt på søknadstypar

	2017	2018	2019	2020
Anna støtte (t.o.m. 2019)	7	8	2	
Forprosjekt (t.o.m. 2019)	1	1		
Forskarprosjekt	25	19	50	37
Forskningsinfrastruktur		1		1
Forskningscenter, SFF				2
Innovasjonsprosjekt		1		
Institusjonsforankra strategisk prosjekt (t.o.m. 2018)	10	6		
Internasjonale utlysingar				1
Kommersialiseringprosjekt	2	4		2
Kompetanse- og samarbeidsprosjekt	1		19	13
Totalt	46	40	71	56

Kjelde: Felles datakatalog - data.norge.no: <https://data.norge.no/datasets/d23bbbfa-fdad-4dab-b31b-4daadbfa3299>

Merk: Følgjande søknadstypar er halde utanom: «Koordinerings- og støtteaktivitet» og «Støtte fra andre enn Forskningsrådet»

Kategoriseringa i Forskningsrådet har endra seg over tid, og kva typar utlysingar som er tilgjengeleg, varierer frå år til år, til dømes VAM-forprosjekt hausten 2019 og Senter for framifrå forskning (SFF) hausten 2020. Tala i tabell 7 viser likevel eit grovt bilete av søknadsaktiviteten ved HVL dei siste fire åra, med «forskarprosjekt» og «kompetanse- og samarbeidsprosjekt» som dei dominerande kategoriane. Tabell 8 gir eit oversyn over søknader, tildelte prosjekt og tildelte midlar for desse to prosjektkategoriane for 2019 og 2020. Det var ei auke i både søknader og tildelingar frå 2018 til 2019, men ein kraftig nedgang i 2020.

Tabell 8 Søknader og tildelingar i utvalde aktivitetar i Forskningsrådet 2019 og 2020. Beløp i mill. kr.

	2019			2020		
	Søknader	Tildelte	Sum tildelt	Søknader	Tildelte	Sum tildelt
Forskarprosjekt	52	7	68,6	38	5	44,7
Kompetanse- og samarbeidsprosjekt	15	5	61,5	10	4	37,4
Totalt	67	12	130,1	48	9	82,1

Kjelde: HVL og Felles datakatalog - data.norge.no: <https://data.norge.no/datasets/d23bbbfa-fdad-4dab-b31b-4daadbfa3299>

Merk: Søknadsdata basert på samanstillingar ved HVL samsvarar ikkje heilt med tal frå Forskningsrådets datavarehus på datanorge.no. Per i dag har vi ingen fullgod forklaring på skilnaden.

I 2020 sendte HVL til saman 48 søknader om forskningsprosjekt og kompetanse- og samarbeidsprosjekt.⁴ Ni av desse blei innvilga. Innvilga blei også ein søknad om forsterkingsmidlar

³ I 2019 kunne ein sende ein tilnærma identisk søknad til to ulike utlysingar, der dette talde som to søknader. Dette blei endra i 2020, og bidrog til lågare søknadstal. For HVL gjaldt dette sju søknader i 2019.

⁴ Sjå merknad til Tabell 8 om manglande samsvar med tal i Tabell 7.

Høgskulen på Vestlandet

knytt til Horisont 2020-prosjekt på 1 mill. Tabell 8 viser at tildelinga for 2020 er kraftig redusert samanlikna med året før, og det vil få følgjer for indikatoren «inntekter frå Forskingsrådet per fagleg årsverk i 2021 og 2022, sjå figur 7 over. Det er uheldig med tanke på universitetsakkreditering, og det er viktig oppretthalde godt arbeid for å styrke utteljinga framover.

HVL sende i 2020 også to søknader om å opprette Senter for Framifrå Forsking (SFF), men ingen av dei gjekk vidare til neste runde. Ein infrastruktursøknad er framleis under vurdering. I tillegg søkte HVL om prosjektetableringsstønad (PES-midlar), publiseringsstønad, forprosjekt, konferansebidrag m.m. Desse er ikkje med i oversikta under. Tabell 9 viser fakultetsvis fordeling av søknader om forskarprosjekt og kompetanse- og samarbeidsprosjekt i 2020, og det er store skilnader mellom fakulteta i søknadsaktiviteten. FIN har både flest søknader og den høgaste suksessrata. Ei oversikt over pågåande prosjekt med tildeling frå Forskingsrådet er vist i tabell 16 i vedlegg.


Tabell 9 Søknader til og tildelingar frå Forskingsrådet 2020 fordelt på fakultet

	FHS		FIN		FLKI		FØS	
	Sendt	Tildelt	Sendt	Tildelt	Sendt	Tildelt	Sendt	Tildelt
Forskerprosjekt for fornyelse	7	0	19	3	10	2	2	0
Kompetanse- og samarbeidsprosjekt	4	1	1	1	4	1	1	1
Totalt	11	1	20	4	14	3	3	1

Kjelde: HVL

Figur 8 viser forholdet mellom talet på søknader og faglege årsverk ved HVL og andre institusjonar, i hovudsak institusjonar med tilsvarende profil. UiB er med i oversikta som døme på eit eldre breiddeuniversitet. HVL kjem lågt ut samanlikna med andre institusjonar, sjølv om også fleire av dei nyare universiteta har mange faglege årsverk per søknad. I 2020 produserte HVL sine 1249 faglege årsverk i alt 69 søknader til Forskingsrådet, dvs. at det var 18 faglege årsverk bak kvar sendte søknad. Om vi går ut frå at det står ein person bak kvar søknad, tilseier det at berre om lag fem av 100 fagleg tilsette sender søknad.⁵

Figur 8 Faglege årsverk per søknad til Forskingsrådet 2020. HVL og utvalde institusjonar



Kjelder: Faglege årsverk: NSD, søknader til Forskingsrådet: <https://data.norge.no/datasets/d23bbbfa-fdad-4dab-b31b-4daadbfa3299>


⁵ Talet er omtrentleg fordi det er fleire fagleg tilsette enn talet på årsverk (som gjer talet på dei som ikkje søker høgare), nokre samarbeider om søknadar (som gjer talet på dei som ikkje søker lågare), nokre av dei 69 søknadene er ikkje forskningssøknader og nokre er sendt av administrasjonen (mellom anna frå AFII, Biblioteket)

Høgskulen på Vestlandet

Ein av faktorane som påverkar omfanget av søknadsaktiviteten, er kor stor del av dei fagleg tilsette som har forskarutdanning og førstestillingskompetanse. Figur 3 på side 13 viste at HVL på institusjonsnivå ligg lågare enn andre institusjonar i omfanget av førstekompetanse, og det er truleg ein del av forklaringa på at HVL sender færre søknader om forskingsprosjekt enn samanliknbare institusjonar.

Også andre faktorar enn omfanget av førstekompetanse har stor påverknad på søknadsaktivitet og deltaking i eksternt finansiert forskning. Figur 9 viser at medan fleire av dei nyare universiteta har økt innslaget av førstekompetanse mykje, er dei langt bak dei eldre universiteta i eksternt finansiert forskning.


Figur 9 Inntekter frå Forskringsrådet per fagleg årsverk (1000 kr.) og prosentdel førstekompetanse 2020, utvalde institusjonar



Kjelde: Diku, Tilstandsrapport for høyere utdanning, vedlegg 2021: <https://vedlegg.diku.no/TRHU/2021>, tabell V3.23

EU – søknader og finansiering

Deltaking i internasjonalt samarbeid i EU-program for forskning og innovasjon kan være med å verkeleggjere HVL sine visjonar og ambisjonar som arbeids- og profesjonsretta institusjon med forskning og tverrsektorielt samarbeid av høg kvalitet og samfunnsrelevans. Til nå deltar HVL i svært avgrensa grad på desse arenaene. Medan HVL når det gjaldt tildeling frå Forskringsrådet i 2020 kom ut på nivå omkring fleire andre samanliknbare institusjonar, har HVL over tid scora lågare enn dei same institusjonane på tildelingar frå EU. Figur 10 viser utvalde institusjonar sin tildeling frå EU per fagleg årsverk dei siste fem åra. I dei siste tre åra kjem HVL svakare ut enn dei andre institusjonane. HVL hadde i 2020 om lag 5000 kroner per fagleg årsverk, medan den av dei utvalde institusjonane med det høgste beløpet i 2020, OsloMet, hadde i overkant av 15 000 kroner per fagleg årsverk frå EU same året. I økonomisk forstand er det altså tale om relativt låge tal for alle dei samanliknbare institusjonane.



Kjelde: Diku, Tilstandsrapport for høgere utdanning, vedlegg 2021: <https://vedlegg.diku.no/TRHU/2021>, tabell V3.27

HVL deltek i dag i seks prosjekt under Horisont 2020, sjå tabell 10. Medan det var ei positiv utvikling frå 2018 til 2019, hadde HVL ein nedgang i 2020. Frå 2019 til 2020 var det ein nedgang på 11 prosent i inntektene totalt og 14 prosent målt per fagleg årsverk. Nedgangen skuldast i all hovudsak at eit prosjekt (COEMS) med inntekt på 1,5 millionar kroner i 2020 blei avslutta og at det eine nye prosjektet, PIONEERED, som ble starta 1.mars 2021, gav ein relativt lav inntekt det første året. Samla oversikt over resultat per program for HVL i 2020 finnast i tabell 15 i vedlegg.

Med tanke på at rekneskapsmessige konsekvensar kjem først i åra etter sjølve tildelinga, har HVL i samband med universitetsprosjektet laga prognoser for EU-inntekter for 2021 og 2022. Endringane blir små. Ei lita auke i 2021 ser ut til å bli avløyst av ein viss nedgang i 2022 til om lag same nivå som i 2020.

I 2020 sendte HVL 24 søknader til Horisont 2020, to som koordinator og 22 som partner. Berre eitt prosjekt blei innvilga, noko som gir ei suksessrate på 4 prosent, medan snittet for Horisont 2020 varierte mellom 3 og 27 prosent avhengig av type utlysing. Tabell 10 viser HVL sin samla deltaking i Horisont 2020 dei siste åra. Den største suksessen har vore under Societal challenges: “Secure clean and efficient energy” der me har fått innvilga tre prosjekt.

Oversikta over prosjekt viser kor avgrensa deltakinga er. Fem av seks prosjekt høyrer heime ved same fakultet, og ein enkelt forskar står for halvparten av dei seks. Alle deltakarane i Horisont 2020 er fagleg tilsette som har komme til HVL frå utanlandske fagmiljø. HVL arbeider med å utvikle ein kultur for å søke EU sitt rammeprogram for forskning, både gjennom U13-satsinga og mobilisering og støtte til dei mest lovande og motiverte miljøa.

H2020 Prosjekt-id	Fakultet	Prosjektdeltakar HVL	Start år/uke	Slutt år/uke	Tildeling, kr.
FIN-IMN-Comets	FIN	V. Schwanitz	2019/04	2022/04	5 186 647
FIN- RRI2SCALE	FIN	L. Coenen	2019/41	2022/52	2 574 830
FIN-IDER-RISKGONE	FIN	E. Cimpan	2019/48	2021/53	378 120
FIN-IMN-EU EERA	FIN	V. Schwanitz	2020/01	2024/05	2 700 000
FIN-IMN-DRES2Market	FIN	V. Schwanitz	2020/13	2023/53	1 178 275
FLKI-EU-PIONEERED	FLKI	S. Jobst	2021/09	2024/09	3 425 000
SUM					15 442 872

Kjelde: HVL

Ekstern finansiert forskning - samla

I tabell 11 har vi samla inntektene frå ekstern forskingsfinansiering frå aktuelle kjelder dei siste fem åra, medan figur 11 samanliknar HVLs inntekter med tilsvarande ved andre institusjonar. Takk være dei relativt gode tala for HVL frå Forskingsrådet og det faktum at Forskingsrådet er ei viktigare kjelde til finansiering enn EU for alle institusjonane, kjem HVL relativt godt ut av samanlikninga. Den omtalte nedgangen i både søknader og tildelingar frå Forskingsrådet i 2020 viser at HVL må arbeide målretta vidare for å få fram fleire og betre søknader.

Tabell 11 Inntekter ved HVL frå Forskingsrådet, RFF og EU 2020, 1000 kr.


	2016	2017	2018	2019	2020
Forskningsfinansiering frå Forskingsrådet	42 337	45 450	43 608	47 543	59 102
Forskningsfinansiering frå RFF	2773	1372	3012	2184	32
Finansiering frå EU	1604	3064	3218	6884	6146
Totalt	46 714	49 886	49 838	56 611	65 280

Kjelde: Diku, Tilstandsrapport for høyere utdanning, vedlegg 2021: <https://vedlegg.diku.no/TRHU/2021>

Figur 11 viser samla inntekter frå Forskingsrådet og EU per faglege årsverk dei siste fire åra for HVL og samanliknbare institusjonar.

Høgskulen på Vestlandet

Figur 11 Samla inntekter frå Forskringsrådet og EU per fagleg årsverk* 2017-2020, HVL og utvalde institusjonar. 1000 kr



Kjelde: Diku, Tilstandsrapport for høyere utdanning, vedlegg 2021: <https://vedlegg.diku.no/TRHU/2021>
* Faglege stillingar inkluderer faglege-administrative leiarstillingar. Se <https://dbh.nsd.uib.no/dokumentasjon/stillingskoder.action> (ny inndeling).

Publisering og formidling


Formidling og publisering høyrer til kjerneoppgåvene til universitet og høgskular, og vitskapeleg publisering er ein nasjonal styringsparameter. For akkreditering som universitet vil vitskapeleg publisering være eitt av grunnlaga for å vurdere i kva grad ein institusjon oppfyller krav om kvalitet på forskning.

Data vi presenterer her, er saman med ei rekkje andre data om vitskapeleg publisering også inkludert i [ein eigen rapport](#) lagt fram for Forskings- og innovasjonsutvalet ved HVL i mai 2020. Dette kapitlet tek i hovudsak føre seg omfanget av publikasjonar og publiseringspoeng og fordelinga av publikasjonane på dei to nasjonalt sette kvalitetsnivåa. Vi samanliknar HVL med andre institusjonar og viser nøkkeldata for fakulteta ved HVL. Som på andre felt er skilnaden mellom fakulteta store. Til sist i kapitlet omtalar vi anna formidlings- og publiseringsarbeid ved HVL.

Vitskapelege publikasjonar og publiseringspoeng

Figur 12 viser talet på vitskapelege publikasjonar og publiseringspoeng ved HVL siste fem år. Både talet på publikasjonar og på publiseringspoeng veks noko frå 2019 til 2020, men veksten var lågare enn i 2019. Biletet blir litt ulikt avhengig av om vi fokuserer på publikasjonar eller publiseringspoeng. Medan talet på publikasjonar steg med 6 prosent, steg talet på publiseringspoeng med 10 prosent.


Figur 12 Publikasjonar og publiseringspoeng HVL 2016-2020.



Kjelde: NSD

Talet på publiseringspoeng per fagleg årsverk er ein nasjonal styringsparameter. Figur 13 viser utviklinga i talet på publiseringspoeng per fagleg årsverk og per årsverk i førstestilling. I 2020 nådde HVL eit resultat på 0,69 publiseringspoeng per fagleg årsverk, det er dermed ikkje svært langt fram til målet om 0,72 poeng per faglege årsverk i 2021, uttrykt i [overordna årsplan](#) for HVL. Vidare må ein god vekstrate oppretthaldast om det langsiktige målet på 1 poeng per faglege årsverk skal bli ein realitet i 2025.


Figur 13 Publiseringspoeng HVL per UFF-årsverk og per førstestilling 2016-2020



Kjelde: NSD. Førstestilling omfattar førsteamanuensis, høgskoledosent, forskar, forskingssjef, førstelektor, postdoktor, professor, undervisningsdosent, dosent, professor II og førsteamanuensis II.

Når HVL søker om å bli akkreditert som universitet, må institusjonen tole samanlikning med andre institusjonar, i fremste rekkje dei nyaste universiteta. Figur 14 viser utviklinga i publiseringspoeng per fagleg årsverk siste fem år for HVL og utvalde, relevante institusjonar.

Figur 14 Publiseringspoeng per fagleg årsverk 2016-2020, HVL og utvalde institusjonar.




Kjelde: NSD

Med unntak for UiA har alle institusjonane som er med i figur 14, hatt vekst i publiseringspoeng per fagleg årsverk dei siste fem åra. I femårsperioden har særleg UiS auka publiseringa mykje, men veksten flata ut i 2020. Nord universitet hadde sterkast vekst i 2020. HVL ligg noko lågare enn dei andre institusjonane. Avstanden frå HVL til USN og OsloMet var om lag den same i 2020 som fem år før, medan avstanden til HINN var noko mindre i 2020 enn i 2016.

Figur 15 viser at forholdet mellom institusjonane ikkje vert vesentleg endra om ein i staden ser på publiseringspoeng per førstestilling.

Figur 15 Publiseringspoeng per førstestilling HVL og utvalde institusjonar 2016-2020



Kjelde: NSD.

Merk: Førstestilling omfattar førsteamanuensis, høgskoledosent, forskar, forskingssjef, førstelektor, postdoktor, professor, undervisningsdosent, dosent, professor II og førsteamanuensis II.

Publiseringsdata på fakultetsnivå

Over såg ein store skilnader mellom fakulteta i både kompetansenivå og ekstern finansiering av forskning. Dei same mønstra finn ein i data om publisering. Tabell 12 viser talet på publikasjonar og publiseringspoeng ved dei ulike fakulteta ved HVL for 2020 og endring frå føregåande år. To av fakulteta, FHS og FIN, hadde auke i publikasjonar og poeng, medan FLKI og FØS hadde nedgang. Ved FØS var nedgangen i publiseringspoeng på heile 34 prosent.

Tabell 12 Publikasjonar og publiseringspoeng 2020 per fakultet*. Totalt og endring frå 2019.

FHS		FIN		FLKI		FØS	
Publ.	Poeng	Publ.	Poeng	Publ.	Poeng	Publ.	Poeng
200	157,5	401	345,8	251	239,7	64	47,6
(+11)	(+6,9)	(+82)	(+104,5)	(-8)	(-19,8)	(-28)	(-24,5)
6 %	5 %	26 %	43 %	-3 %	-8 %	-30 %	-34 %


Kjelde: DUCT (Cristin). Hos DBH er talet på publikasjonar på fakultetsnivå litt andre, les forklaring [her](#).

*Merk: Summen av publikasjonane til fakulteta her er ikkje lik talet for HVL totalt. Nokre publikasjonar har forfattarar frå fleire fakultet. Dessutan har Fellesadministrasjonen (Biblioteket) sju publikasjonar, og to publikasjonar er rapportert på HVL utan at avdeling er oppgjeve. Teljing på tvers gjerast på ulike vis.

Høgskulen på Vestlandet

Figur 16 viser at FIN skil seg ut frå dei andre fakulteta ved HVL i publiseringspoeng per fagleg årsverk. Fakultetet har hatt ein kraftig auke dei to siste åra, og har i 2020 1,31 publiseringspoeng per fagleg årsverk. Talet er meir enn to og ein halv gong så høgt som gjennomsnittet for dei tre andre fakulteta, 0,49.

Figur 16 Publiseringspoeng per UFF-årsverk HVL 2018-2020, per fakultet



Kjelde: NSD

HVL sin rapport om vitenskapleg publisering for 2020 viser at store skilnader mellom fakultet og fagområde i publisering kjenneteiknar også andre institusjonar. Det er viktig å være merksam på kva ein samanliknar, og ulik institusjonell og fagleg profil har mykje å seie for korleis ein bør tolke ulikskap i resultat på institusjonsnivå. [Rapporten om vitenskapleg publisering](#) har meir inngående samanlikningar mellom institusjonar også på fakultetsnivå.

Publisering og nivå


Tidsskrift, seriar og forlag er delt i to nivå for å skape eit insentiv til å publisere i dei mest prestisjefylte kanalane innanfor dei ulike fagområda. Nivå 2 skal romme publikasjonskanalar som blir oppfatta som mest prestisjetunge innanfor dei respektive faga, og publisering i desse kanalane gir større økonomisk utteljing. Etter denne inndelinga skal nivå 2 utgjere om lag 20 prosent av dei vitenskaplege publikasjonane i eit fag.

Figur 17 viser kor stor del av publiseringa⁶ ved HVL og andre utvalde institusjonar som har vore i kanalane på nivå 2 dei tre siste åra. Med unntak for USN ligg HVL noko lågare enn dei andre institusjonane, og etter ein viss nedgang frå året før, var delen publisering på nivå 2 i 2020 13,9 prosent. Også to av dei andre institusjonane hadde noko lågare prosentdel publisering på nivå 2 enn i 2019.

[HVL-rapporten om vitenskapleg publisering](#) viser meir detaljerte tall om publiseringsnivå med fakultetsvise tal.

⁶ Tala i Figur 17 er rekna ut på grunnlag av forfatterandelar og ikkje publiseringspoeng. Storleiken «publiseringspoeng» er i seg sjølv vekta ut frå kvalitetsnivå, medan «forfatterandelar» er nøytrale i så måte. <https://dbh.nsd.uib.no/pub/hjelp.jsp>

Figur 17 Prosentdel publisering (forfatterandelar) på nivå 2 2018-2020. Utvalde institusjonar



Kjelde: NSD

Anna formidling

Sjølv om berre den vitskapelege publiseringa gjer utslag i finansieringssystemet og det er slik publisering som blir vurdert ved universitetsakkreditering, er anna publisering og formidling ein like viktig del av kjerneverksemda til universitet og høgskular. Sidan denne aktiviteten ikkje er knytt til finansiering, finst ikkje data av same kvalitet. Dei tilsette rapporterer frivillig i Cristin, og vi veit ikkje sikkert kor stor del av formidlingsaktiviteten rapporteringa fangar opp.

Tabell 13 viser talet på registrerte publiserings- og formidlingsaktivitetar 2019 og 2020. Det er ikkje overraskande at det samla talet på formidlingsaktivitetar er mykje lågare i 2020 enn i 2019. Ulike typar foredrag utgjer ein stor del av formidlingsaktivitetane, og det var ein type aktivitet som var vanskeleg å gjennomføre under pandemien i 2020. Til gjengjeld registrerte HVL-tilsette i 2020 langt fleire mediebidrag enn året før, noko som kan ha samanheng med samfunnet sin endra kunnskapstrong under pandemien. Uansett bakgrunn har dei mange mediebidraga vore med å styrke omverdas medvit om HVL sin kompetanse og samfunnsbidrag.



Tabell 13 Formidling frå HVL-tilsette i ulike kanalar, tal på formidlingsaktivitetar

	FLKI		FHS		FIN		FØS		ADM		TOTAL*	
	2019	2020	2019	2020	2019	2020	2019	2020	2019	2020	2019	2020
BOK Vitskapeleg	20	15	1	3	8	7	3	2	0	1	34	29
BOK anna	11	26	4	7	2	7	3	3	0	0	20	44
BOKRAPPORTDEL Vitskapeleg	99	95	16	19	48	57	36	25	1	3	202	199
BOKRAPPORTDEL anna	30	29	10	9	5	12	3	2	0	0	54	57
FOREDRAG Vitskapeleg	369	204	142	55	110	50	45	15	4	2	694	330
FOREDRAG anna	246	155	202	66	121	55	48	25	4	6	649	311
INFORMASJONSMATR	5	7	5	12	3	5	2	0	0	0	15	26
KUNST_PRODUKSJON	34	7	3	0	0	0	0	0	0	0	37	7
MEDIEBIDRAG	46	93	20	24	20	11	17	5	1	0	106	142
OMSETJINGSARBEID	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	1
PRODUKT	20	13	15	43	4	1	2	1	0	1	42	61
RAPPORT	35	35	20	18	31	35	5	2	5	0	99	93
TIDSSKRIFTPUBLIKASJON Vitskapeleg	190	176	194	205	300	351	63	47	3	6	751	787
TIDSSKRIFTPUBLIKASJON anna	125	123	77	83	34	35	38	25	2	2	285	278
UTSTILLING	34	4	0	0	0	2	0	0	0	0	35	6
TOTAL	1264	982	709	544	686	628	265	152	20	21	3023	2371

Kjelde: Cristin

Merk: Basert på frivillig rapportering i Cristin, og tala kan ikkje oppfattast som definitive.

* Totalen er noko høgare enn summen av fakulteta fordi den også omfattar tiltak som ikkje er registrert på fakultet.

Integritet i forskning

Kapitlet tek føre seg arbeidet ved HVL for å sikre at forskingsverksemda følgjer prinsipp for vern av menneske og samfunn og for vern av opplysningar om menneske som deltek i forskning.


Persondata i forskings- og studentprosjekt

NSD er personvernrådgiar og bidreg med personvernvurderingar i enkeltsaker. Tenesta sikrar at krava personvernregelverket har til protokoll, vert oppfylt gjennom meldeskjema for handsaming av personopplysningar i forskar- og studentprosjekt.

Studentar og rettleiarar er stort sett nøgd med NSD sine tenester, men dei melder om for lang vurderingstid. I periodar kan vurderingstida vere opp til fire veker, men sjølv to veker kan for enkelte prosjekt vere for lang vurderingstid. Forskingsadministrasjonen deltek på statusmøte med NSD to gongar per år. Forskingsadministrasjonen nyttar ikkje NSD sin DPIA teneste⁷, men gjennomfører slik vurdering saman med forskarane etter eigne rutinar. I 2020 vart det gjennomført 8 DPIA.

I 2020 vart 682 prosjekt melde til NSD. Dette er ein nedgang frå året før på 18 prosent. Figur 18 og figur 19 viser fordelinga av melde prosjekt fordelt på høvesvis nivå og kategori persondata.


Figur 18 Melde prosjekt frå HVL til NSD 2020 etter nivå



Kjelde: HVL sin protokoll for handsaming av personopplysningar i forskings- og studentprosjekt

Merk: Figuren inkluderer ikkje prosjekt som er avslutta.

⁷ DPIA står for Data Protection Impact Assessment, altså ei vurdering av konsekvensar for personvern. Ein slik vurdering krevst i prosjekt der handsaminga av personopplysningar kan gi høg risiko for fysiske personar sine rettar og fridomar.



Kjelde: HVL sin protokoll for handsaming av personopplysningar i forskings- og studentprosjekt

Merk: Figuren inkluderer ikkje prosjekt som er avslutta

Ein stor del av dei innmelde prosjekta er studentprosjekt, og nesten 30 prosent er bachelorprosjekt. Forskingsadministrasjonen tilrår å legge til rette for gjenbruk av forskingsdata som allereie er innhenta ved HVL, og at studentar deltek i samarbeid med forskarar eller andre studentar, slik at forskingsdata kan nyttast meir effektivt.

NSD leverer personverntenester til HVL etter avtale, og kostnaden er lagt til institusjonsnivå . I tillegg til basisavgifta (260 000 kr.), blir HVL fakturert ca. 2200 kr. per NSD vurdering. I 2020 kosta tenesta i underkant av 2 millionar kr. for HVL.

Tabell 14 viser talet på vurderingar NSD utførte for dei fire fakulteta i 2020.

Tabell 14 Tal på NSD-vurderingar for HVL fordelt på fakultet, 2020

FHS	FIN	FLKI	FØS
139	29	410	104

Kjelde: HVL sin protokoll for handsaming av personopplysningar i forskings- og studentprosjekt

Avvik personvern: Forskingsadministrasjonen fekk melding om eitt brot på personvernstryggleik i eit forskingsprosjekt i 2020. HVL rapporterte hendinga til Datatilsynet i samråd med Personvernombodet og i tråd med retningslinjene. Rapporten gjorde greie for HVL sine tiltak for å minske personvernrisikoen i prosjektet, og for å hindre gjentakning. Datatilsynet gav ikkje bot til HVL og var nøgd med utgreiinga og tiltaka.

Helseforskning: Prosjekt som er regulerte av helseforskningslova, må søke om førehandsgodkjenning frå Regionale komitéar for medisinsk og helsefagleg forskningsetikk (REK). I 2020 vart det gjort 91 REK-vurderingar av prosjekt frå HVL. Talet på vurderingar inkluderer endringar i pågåande prosjekt.

Trygg og lovleg handsaming av forskingsdata

I HVL sine rutinar er det eit krav å nytte HVL sin forskingsserver for handsaming av sensitive persondata i forskning og i studentoppgåver. Forskarar og studentar som skal handsame sensitive opplysningar må opprette ei sikker prosjektmappe på forskingsserveren for handsaming og lagring av data. Tal frå 2020 syner at for få nyttar forskingsserveren. I 2020 blei 93 «prosjekt» oppretta på forskingsserveren. Når vi samanliknar med talet på vurderingar frå NSD i 2020, tyder det på eit underforbruk av den sikre lagringstenesta.

Høgskulen har derfor starta ei undersøking av årsakene til underforbruket for å finne ut korleis HVL kan legge til rette for at forskingsdata blir lagra på ein sikker måte samstundes som brukarane har nok fleksibilitet.

Prosjektet «Tenester for trygg lagring av forskingsdata»: Handtering av personopplysningar i forskning og studentoppgåver er regulerte av helseforskningslova og personopplysningslova, og omhandla i HVL sine retningslinjer.

Det har i 2020 komme mange spørsmål og tilbakemeldingar om HVL sine løysingar og tenester for handtering og lagring av forskingsdata og opplysningar som skal inngå i studentoppgåver på ulike nivå. HVL har derfor sett i gang eit prosjekt i samarbeid mellom forskingsadministrasjon og IT-eininga for å betre tenestene knytt til handsaming av forskingsdata ved HVL, og prosjektet tek føre seg sentrale tema som:

- Internkontroll og risikovurdering av tenester og verktøy (delprosjekt 1 og 2)
- Brukarperspektiv, rettleiing og nettsider (delprosjekt 3)
- Lagring og derunder lagringsguide for studentar og tilsette (delprosjekt 4)
- Enklare søknadsskjema til forskingsserveren (delprosjekt 5).
- Handtering av data med behov for mykje kapasitet (delprosjekt 6).

Figur 20 Tal på utvalde indikatorar for HVL sitt arbeid med integritet i forskning og persondata 2020



Kjelde: HVL sin protokoll for handsaming av personopplysningar i forskings- og studentprosjekt

Opplæring og kulturbygging

HVL må ha system som sikrar kontinuerleg opplæring i forskningsetikk og personvern for alle tilsette. Leiargar har eit ansvar for å sette forskningsetikk og personvern på agendaen, avdekke behov og sikre at tilsette har den naudsynte kompetansen. Individuell opplæring og samarbeid for å sikre ei felles forståing og praksis på tvers av fakultet og andre einingar er viktig.

Følgjande var vore mellom dei viktigaste bidrag og innsatsområda i 2020:

Faglege ressursar: Forskingsadministrasjonen har i 2020 bidrege til fagleg innhald i form av tekst og video for bruk i undervisninga i masterutdanningane ved FLKI og FHS. Målet er at heile organisasjonen skal kunne nyttiggjere seg ressursane.

Kurs for tilsette som skal rettleie stipendiatar og ph.d.-studentar ved HVL:

Forskingsadministrasjonen har i 2020 samarbeidd med Avdeling for utvikling av læring og undervisning (ALU) og fagleg tilsette om å utvikle eit kurs for tilsette som skal rettleie stipendiatar. Målet er at kurset skal vere tilgjengeleg i 2021.

Nye nettsider og reviderte retningslinjer: Det vert arbeidd kontinuerleg med å oppdatere og gjere tilgjengeleg informasjon om forskningsetikk og personvern på HVL sine nettsider.

Frå hausten 2021 vil studentar og tilsette få tilgang til meir og betre informasjon på HVL sine nettsider, som og vil vere tilgjengelege på engelsk. Her skal dei finne svar på ofte stilte spørsmål.

Også ein ny versjon av retningslinjer for handsaming av personopplysningar i forskning skal vere klar hausten 2021. Ein ny klassifiseringsguide for trygg handsaming og lagring av personopplysningar i forskingsdata er på plass. Den skal vise tydeleg korleis forskarar og studentar skal gå fram i arbeidet med ulike typar personopplysningar i prosjekta.

Personvernspølet: HVL har i 2020 testa ut Personvernspølet frå Sikresiden.no⁸. Det er eit kunnskapsspel for bruk på telefon eller pc som gir interaktiv trening i grunnleggande personvern. Om lag 100 tilsette i vitskaplege og administrative stillingar har vore med, og deltakarene rapporterer om god læringseffekt. Personvernspølet vil bli brukt til grunnopplæring i personvern for tilsette og studentar i 2021.

Råd, utval og komitéar

Forskingsetisk utval ved HVL (FEU) skal bidra til at forskning ved HVL følger forskningsetiske normer og Lov om organisering av forskningsetisk arbeid (Forskingsetikklova). Utvalet gir råd til HVL si leiing mellom anna i saker som gjeld varsel ved mistanke om brot på forskningsetiske normer, lovverk eller retningslinjer. HVL fekk i 2020 i alt fire varsel om mogleg brot på forskningsetiske retningslinjer. Dei involverte fakulteta har handsama to av varsla, eitt er til handsaming i FEU medan eitt er under utgreiing i sekretariatet til FEU. I sakene som er handsama, er det ikkje funne brot på forskningsetiske normer eller lovverk.

Det vart i 2020 laga forslag til nye rutinar for sakshandsaming ved varsel om moglege brot på forskningsetiske normer. Forslaget har vore drøfta i FEU, og vil bli endra og utvida som en følgje av innspel frå utvalet og forskingsleiinga i HVL. Endringane skal sikre at alle varsel blir handsama på same måte og i tråd med dei ulike lovverka. FLKI har oppretta eit eige forskningsetisk utval, og leiinga ved HVL ønskjer også dei andre fakulteta skal gjere det same.

⁸ Sikresiden.no er laga av og for norske universitet, høgskuler og forskingsverksemder. Meir enn 30 verksemder deltek

Nasjonale og regionale komitéar: Fleire vitenskaplege tilsette ved HVL deltek i nasjonale og regionale komitéar, og er viktige ressursar i saker som omhandlar dei ulike fagområda og i utvikling av interne faglege ressursar og rutinar. Per 2020 hadde HVL medlem i:

- Nasjonal forskningsetiske komité for medisin og helsefag
- Nasjonale forskningsetisk komité for naturvitskap og teknologi
- REK-Vest (Regional etisk komité for medisinsk og helsefagleg forskningsetikk)

I tillegg er fagansvarleg for forskningsetikk i AFII redaktør for nokre av tenestene til [sikresiden.no](https://www.sikresiden.no).

Vedlegg

Tabell 15 Resultat pr program i søknader til EU for HVL, 2020

Program	Program kortnavn	ANT. DELTAKELSER			EU-STØTTE			KOORDINATORER	
		i søk- nader	i innstilte søknader	Suksessrate deltakelser	i søkn. (mill. euro)	i innstilte søkn. (mill. euro)	Finansiell suksess- rate	i søk- nader	i innst. søk- nader
European Research Council	ERC	5			5,4			4	
Future and Emerging Technologies	FET	3			1,2			2	
Marie Skłodowska-Curie actions	MSCA	17			9,6			3	
Research infrastructures	INFRA	1			1,7				
Sum Excellent Science:		26			17,9			9	
Leadership in enabling and industrial technologies (LEIT)	LEIT-ADVMAT	1	1	100,0%	0,0	0,0	100,0%		
Leadership in enabling and industrial technologies (LEIT)	LEIT-ICT	6	1	16,7%	3,5	0,7	21,5%		
Leadership in enabling and industrial technologies (LEIT)	LEIT-SPACE	1			0,2			1	
Innovation in SMEs	INNOUSPME	2			0,4				
Sum Industrial Leadership:		10	2	20,0%	4,1	0,8	19,3%	1	
Health, demographic change and wellbeing	HEALTH	3			2,8			1	
Food security, sustainable agriculture and forestry, marine and maritime and inland water and food	FOOD	1			0,3				
Secure, clean and efficient energy	ENERGY	5	3	60,0%	1,4	0,9	64,0%	1	1
Smart, green and integrated transport	TPT	1			0,2			1	
Climate action, environment, resource efficiency and raw materials	ENV	1			0,2				
Europe in a changing world - inclusive, innovative and reflective Societies	SOCIETY	4	2	50,0%	1,6	0,6	39,8%	1	
Secure societies - Protecting freedom and security of Europe and its citizens	SECURITY	4			1,1				
Sum Societal Challenges:		19	5	26,3%	7,5	1,6	20,6%	4	1
Twinning of research institutions	TWINING	3			0,6				
Sum Spreading excellence and widening participation:		3			0,6				
Science with and for Society - Cross-theme	SWAFS-CROSS	1			0,2				
Make scientific and technological careers attractive for young people	CAREER	2	1	50,0%	0,2	0,1	57,1%		
Promote gender equality in research and innovation	GENDEREQ	1			0,1				
Integrate society in science and innovation	INEGSOC	6	1	16,7%	1,6	0,2	15,3%		
Encourage citizens to engage in science	SCIENCE	1			0,3			1	
Improve knowledge on science communication	KNOWLEDGE	3			0,3				
Sum Science with and for Society:		14	2	14,3%	2,6	0,3	13,1%	1	
Fast Track to Innovation	FTI	2			0,7				
Sum Cross-theme:		2			0,7				
Sum totalt H2020:		74	9	12,2%	33,4	2,7	8,0%	15	1

Kjelde: eCORDA H2020 database



Tabell 16 Prosjekt ved HVL med finansiering frå Forskningsrådet. Kjelde: HVL og Felles datakatalog - data.norge.no: <https://data.norge.no/datasets/d23bbbfa-fdad-4dab-b31b-4daadbfa3299>

Søknad	Program	Prosjekttype	Tittel	Fak.	Mill. kr.
2020	FORSTERK	Forsterkningsmidler	Regional Governance of Responsible Research and Innovation	FIN	1
2020	FORSKER20	Forskerprosjekt	Prediction of ignition and spread of wildfires in Scandinavia:	FIN	8
2020	FORSKER20	Forskerprosjekt	Use Artificial Intelligence to pinpoint Dark Matter at the LHC	FIN	8
2020	MARINFORSK	Forskerprosjekt	Viral diversity and Interactions	FIN	8,7
2020	FINNUT	Forskerprosjekt	Signed language Depiction as an Engine for Promoting Inclusion,	FLKI	12
2020	FORSKER20	Forskerprosjekt	Linguistic Integration of Adult Migrants	FLKI	8
2020	KSPSAMARBEID20	Kompetanse- og samarbeidsprosjekt	From Knowledge to Action (K2A)	FHS	16
2020	FINNUT	Kompetanse- og samarbeidsprosjekt	Rehearsing Teaching Professionally (ReTPro)	FLKI	12
2020	BIA	Kompetanse- og samarbeidsprosjekt	RegReSir	FIN	5
2020	HELSEVEL-H	Kompetanse- og samarbeidsprosjekt	Drivers of public responses toward Coronavirus	FØS	4,4
2019	BRANNSIKKERHET	Forskerprosjekt	DYNAMIC	FIN	8,5
2019	FINNUT	Forskerprosjekt	Multilectal Literacy in Education	FLKI	12
2019	FINNUT	Forskerprosjekt	Education for Plurilingualism	FLKI	12
2019	HELSEVEL-V	Forskerprosjekt	Expert reports as basis for decisions	FHS	11,4
2019	KULMEDIA	Forskerprosjekt	Crowdfunding	FIN	8,2
2019	NANO 2021	Forskerprosjekt	Neutron and gamma ray imaging	FIN	8,5
2019	PETROMAKS2	Forskerprosjekt	Fundamental studies of plugging	FIN	8
2019	HELSEVEL-V	Kompetanse- og samarbeidsprosjekt	END-project	FHS	10
2019	KLIMAFORSK	Kompetanse- og samarbeidsprosjekt	Natural and societal consequences of climate-forced changes	FIN	17
2019	PROFESJON	Kompetanse- og samarbeidsprosjekt	Building design for At-risk groups	FIN	10
2019	PROFESJON	Kompetanse- og samarbeidsprosjekt	Mass balance and energy optimisation	FIN	10
2019	SAMANSVAR	Kompetanse- og samarbeidsprosjekt	Responsible innovation in the Norwegian salmon farming industry	FIN	10
2019	INTPART	Koordinerings- og støtteaktivitet	iNET	FHS	4,5
2018	BIONÆR	Forskerprosjekt	SUSFOOD2	FIN	2,4
2018	FRIMEDBIO	Forskerprosjekt	ACTNOW	FLKI	8
2018	FINNUT	Institusjonsforankret strategisk prosjekt	Music Teacher Education for the Future	FLKI	12
2018	HELSEVEL-H	Institusjonsforankret strategisk prosjekt	The politics of a changing institutional ecology	FHS	23,9
2017	FORREGION	Annen støtte	Teknoløft Sogn og Fjordane	FIN	26,2
2017	SAMKUL	Annen støtte	Interkulturell lærerkompetanse...	FLKI	7
2017	MAROFF-2	Forskerprosjekt	HUMANE	FØS	12,2
2017	FINNUT	Institusjonsforankret strategisk prosjekt	Learning about teaching argumentation	FLKI	12
2017	FINNUT	Institusjonsforankret strategisk prosjekt	KINDERGARTEN KNOWLEDGE	FLKI	25,6